

## Ragnhild Evelyn Natland f. Blindheim:

### **”Å vekse opp på Blindheim i etterkrigstida”**

Eg vart født på Jonsokafta i 1941, født på ”søre lemmen” i gårdshuset. Det var det første barnet til mor og far. Eg er dottera til han ”OppeBernt”, altså ho ”OppeRagnhild” ( Vi hadde ”NereBernt`n også). Eg voks opp i ”Oppehuset” som står nere ! Dette at vi skal opp til ”dei nere” og ned til dei ”opp”, kjem seg av at fleire hus stod ”heim på garden” i gamal tid, altså i eit klyngjetun, men så vart det utskifting for over hundre år sidan, og då vart vårt hus flytta ned der det står i dag.

#### **”Oppehuset”**



*Bildet viser "Oppehuset" på 1960-talet. "Norastovo/lemmen" er til venstre og "Sørastovo/lemmen" til høgre. Bildet er utlånt av Ragnhild Natland.*

Huset var eit vanleg gardshus med to stover. I ”den søra” stovo der var det bestemor og bestefar heldt til, dei hadde òg eit kjøkken og eit kammers der onkel Johan budde. I den ”nora” stovo der budde vi, men først budde vi på søre ”lemmen”. Ho gamle Siri budde i ”nora stovo”. Siri var enka etter oldefaren min, Erik Blindheim, han var gift tre gonger, og ho vart den siste kona. Oldefaren min var død før eg vart fødd. Det eg hugsar om Siri, var at ho låg i senga og banka i vegg og ropte på sukker! Ho hadde diabetes. Var eg heldig, fekk eg snika meg



*Oldefar Erik Johannessen Blindheim (1849-1932) og tredje kona hans Siri (Sigri) Pedersdtr Eknes (1858-1945). Bildet er tatt i eit eller anna festleg høve, sidan ho Siri har på seg "Kvithua". Bildet er utlånt av Ragnhild Natland.*

inn med bestemor då ho skulle gi ho mat. Det vanka gjerne ein kveit-ebrøds-kalk med sukker på då! Men stille måtte eg vera, eg sette meg på ein stol rett innom døra, var nok litt redd den gamle dama i senga.

Ja, under krigen budde det faktisk ti menneske der, og på femtitalet budde det 12-13 personer i det huset der ein person bur i dag! Bestemor Kari og onkel Johan heldt til i søra stova (bestefar døydde i 1949). Onkel Sigurd og tante Anna og Svein Arne budde på "nøre lemmen". Dei hadde eit lite kjøkken mellom "lemmane". Onkel Ragnvald gifta seg rett etter eg vart født og flytte ut i Åsane.

Mor og far, og etter kvart fem barn, budde i "nora stova" med "søre lemmen" til soverom.

I seks år budde tante Klara med oss, ho låg på ein divan i "nora stovo". Ho tok første bussen på arbeid om morgonen, kom att i 5-6 tida om ettermiddagen. Ikkje hadde vi bad og vassklosett, nei utedoen stod oppe bak løa!

## **Lokale namn på Blindheim**

Vi har forresten mange lokale namn her på Blindheim. Heim til dei "Gaupås-ola" opp på "Apalbakkjen" bort til dei "Sø" og bort til dei "Gamle". Og vi har "Sægåtna" og mange andre namn.

Før eg var komen i skulepliktig alder, kan eg hugsa at ho "SognaLisa", som var gift med han "Apaljoans", stod oppe på hushjørna på Apalbakkjen og ropte til meg:"



*Familiebilde frå rett etter krigen: Far min "Oppe Bernt" (1911-2004), mor Signy (f. Grimen), Ragnhild til venstre og Olaug til høgre. Bildet er utlånt av Ragnhild Natland*

Ragnhild, kan du koma å ga med sauena?" Som betydde at eg måtte koma og jaga sauane nord i Brattlia der dei skulle beita. Eg var lydig og gjorde det. Så var det beskjed at når det var gjort, måtte eg koma inn til dei for å få noko for jobben! Då eg kom inn i stovo deira, hadde han "Joans" akkurat ete frukost, som bestod av havregrynsgraut med surmjølk på! Det stod ein trekant med graut att på tallerkenen, og det måtte eg versågod eta! Med same skeia som han hadde ete med, frå same tallerkenen! Og han som hadde langt kvitt skjegg og brukte snus! Dette skjedde rett som det var! Eg gløymer det aldri! Men ein var lært opp til å takka og vera høfleg. Eg har aldri etter det klart å eta med ei skei som andre har brukt, ikkje eingong ungane mine sine skeier!

Elles hugsar eg at å få koma inn til ho "ApalAnna" og få nysteikte "potekaker", det var "himmelsk"! "Apal-Anna" var svigerdottera til han "Joans". Alle var snille folk!

## Krigstid

Det er ikkje så mykje eg hugsar frå krigstida, men eg hugsar tyske soldatar, og at eg fekk ei søster då eg var to og eit halvt år. Søstera mi vart født i Bergen på klinikken, eg hugsar då mor skulle reisa dit, då var eg to og eit halvt år.

Ein ting står veldig tydeleg for meg, og det er 8.mai 1945. Himmelen var blå og skyfri, mykje fly dura der oppe. Det som gjorde eit sterkt inntrykk på meg, var dei vaksne, dei var så alvorlege og eg følte at dei heldt pusten! Men så tok kyrkjeklokkene til å ringe, og då skjedde det store. Freden var endeleg komen.

## Gravferd

Eg har minner frå då vi hadde gravferd i bygda. Ho Sølvi Børdal som budde borte hos ”dei gamle”, døydde. Eg kan ikkje no hugsa kor gamal ho var, men litt eldre enn meg, og eg var ikkje begynt på skulen. Kista var vakkert pynta og stod på ei hestekjerre, og ”heile garden” fylgde etter hesten og kista på den siste reisa til kyrkja.

Ja, eg hugsar fleire slike gravferder. Skikken var då at ein finhakka einer og strødde over vegen i alle vegkryss på Blindheim og vidare ut på Birkeland. Det var for å æra den avlidne. Det var vakkert. Om vinteren når det var snø, var det særst fint, men også om sumaren var det fint, hugsar eg. Eg følte slik ” høgtid” når ein heidra dei som var gått bort og som la ut på si siste reis!

Den eine onkelen min hadde gifta seg og flytta ut, den andre gifta seg litt seinare, og ei tid budde han og kona og sonen deira også i huset, men gamle Siri var død.

## Arbeidsliv på garden

Eg måtte tidleg vera med og ta eit tak på garden. Og ettersom det kom fleire søsken, vart det meir å hengja fingrane i. Eg måtte vera med i slåtten og raka og hesja, og måtte vera med i potetåkeren både vår og haust. Mor lærte meg tidleg å vaska opp. Ja, vatnet måtte beras inn frå ei kjelde i kjellaren, og så måtte ”sutlevatnet” ( det brukte vatnet) beras ut att. Utedo var det på alle gardar, også hos oss, vi fekk ikkje inn vannklosett før på sekstitalet. Innlagt vatn, men berre kaldt vatn, fekk vi på slutten av femtitalet.

All klesvasken føregjekk i kjellaren, her kokte mor kleda i ein kjele på ein vedomn. Det var lange dagar dei dagane mor stod med klesvasken i kjellaren!

På ein gard er der slakting om hausten. Det var onkel Ole som slakta sauene, for far likte ikkje det arbeidet. Mor og vi ungane måtte vera inne når sauene vart slakta. Det var bestemor som rørte i blodet. Da tarmene skulle vaskas, var eg med bestemor i ”bekken” for å skylja alle tarmene og skrapa dei! Alt skulle nyttas. Eg

hugsar godt at fårefettet, talgen, vart steikt på steikepanna, og med salt og pepar på, smakte dette godt! Det vart kalt ”skredna”. Då grisen skulle slaktas, kom slaktar Hansen frå Ytre Arna. Han var ein luring og sa til oss ungane at vi måtte ”planta” griserova i åkeren, for da voks det opp ein ny gris! Og vi så gjorde. Men til dags dato har det ikkje vakse opp nokon gris!

Om sumaren var det ei travel tid. Far var på vegarbeid, og på dei tre vekene han hadde ferie, måtte slåtten unnagjerast. Det var dagar med fint vær, og då hadde eg veldig lyst å gå i bad, men nei, det måtte venta til dei vaksne tok middagskvilen. Vi sprang fort opp til Hjortlandsvatnet. Det var dei eldra borna og ungdomane på Blindheim som tok vare på oss som var mindre.

## Helgafred og ”lördagsgodt”

Helgafreden var viktig. Klokka 5 om lørdagsettermiddag skulle det vera fred. Tunet var kosta, huset var vaska, og så var det helgavasken på oss borna som skulle gjerast. Det var i stova i ein sinkbalje. Først dei minste, så eg. Far og mor hadde stelt seg, og far var snill og blid ( han var for trøtt og sliten dei andre vekedagane) og tok oss på fang og song: ” Eg veit ei lita jente nord i skogen”. Så var det ”lördagsgodt”. Det var kakao og speilegg. Kjempegodt! Det er flott å tenkja tilbake på desse lørdagskveldane, utan fjernsyn som tok oppmerksomheita frå familielivet, men berre kos. Ja, og så Barnetimen! Det var òg eit høgdepunkt. Vi hadde jo ” Kallemann og Amandus” om torsdagskveldane. Då gjekk eg oftast inn i stova til bestemor for å høyra på radioen der, det var fredelegare der.

Når eg tenkjer på snop og lørdagsgodt, ja då må eg tenkja på det vi fekk! Då mor reiste til Ytre Arna for å handla på G.Aasgaard, ja, då ropa vi etter ho: ” Kjøp noko godt, kjøp flatbrød”! Dei hadde ein flatbrødfabrikk i Ytre Arna der ein fekk kjøpa ”anbrekk” ( ka no det var) av flatbrød som ikkje vart seld i butikken. Mor kjøpte i laus vekt(!) store flak med flatbrød, kom med det i brune tikilos posar, og vi smurte på smør og sukker!! DET var godt det!

## Jul og nyttår

Julafta var årets høgdepunkt! Ikkje det at presangane var det viktigaste, men maten! Pinnakjøl! Vi hadde ikkje smaka på pinnakjøl før den kvelden. Det var ikkje noko ”julebord” den gongen. Og alle julekakene som mor hadde stått natt etter natt og baka, ja, for om dagen hadde ho ikkje tid til det, dei var kjempegode. Første juledag måtte vi halda oss inne, ikkje ut om ei dør, for det var ei skam! Då eg vart eldre, 14-15 år, fekk eg love å gå til venninna mi, men ikkje før det var mørkt! Så overnatta eg der, og vi to koste oss og snakka om det vi hadde fått. Nyttårsafta kledde vi oss ut og gjekk i alle hus og fekk appelsiner og julekaker. Det var veldig moro.



*Vinterstemning med utsikt ned "Dalabrekko" og utover Blindheim (Blindsdalen) fra rundt 1975. Blindheim er kjent for å vera ein kald plass om vinteren, noko dette bildet også viser. Me ser kulden som ligg som eit lokk over dalen.*

*Foto: Magnus Follevåg.*

## **Sjukdom i heimen**

Då eg var ti og eit halvt år, vart mor sjuk og kom på sjukehuset. Vi var då 4 søsken, og den minste var berre eitt år. Det var ikkje enkelt for far då. Han skofta arbeid enkelte dagar, og eg var heime frå skulen dei andre dagane. Eg måtte ta over husarbeidet, for far var ikkje mykje til kokk. Så stelte eg vesle søstra mi og bytte på bleier. Bleiene vaska eg etter alle kunstens reglar, på vaskebrett, og hengde dei ut til bleiking! Der var midtvinters, snø og mange kuldegrader, så bleiene var så stive at dei stod av seg sjølv! Reine skulle dei vera.

## **Vinter og "kappskreiing"**

Vi fekk no vera born også. Om vinteren var det å "skreia" på kjelke, og eg var så heldig at eg fekk ny rattkjelke av onkelen min ! Kjekkast var det om kvelden då vi samlast på toppen av Dalabrekko, og så kappskreia vi ned til Blindheim. Då var det fleire ungdomar som òg kom og var med. Det var heller ikkje mange bilar på vegen, så vi "skreia" ganske trygt. Dei eldre ungdomane laga seg hoppbakke rett sør for huset vårt, men det var helst om kveldane dei fekk bruka han, dei hadde ikkje tid å "spela" seg om dagen. Vi måtte tidleg i seng, men heldigvis var soverommet på den sida som vende ut mot bakken, og då "låg" vi i vindauga og



*7. klasse på Kyrkjekrinsen skule i 1955:*

*Frå venstre Roald Madsen, Sven Arne Hetlebakke, Ragnhild Natland (Blindheim), Harald Hjortland, Arild Hetlebakke, Kåre Teigland, Sigmund Hetlebakke og lærer Johan Teigland. Bildet er utlånt av Ragnhild Natland.*

fulgte med.

Ski hadde eg ikkje, det var å arva gamle ski som stod bort på løa, så da eg kom ut i arbeidslivet, var det noko av det første eg kjøpte meg til vinteren.

## **Skuletid**

Eg begynte på skulen i 1948. Vi var ein liten klasse, og i første klasse var vi 2 jenter og 7 gutar, men den andre jenta flytta, så eg vart åleine med gutane. Så flytta den eine guten, og då var vi berre 7 i klassen, deriblant trillingane på Hetlebakke. Den første lærarinna vår var Hansine Barlaup, ho kom frå Aure på Nordmøre og hadde ein underleg dialekt. Far min, som var 30 år eldre enn meg, hadde òg hatt ho til lærarinna. Ho var ei snill og koseleg dame!

Vi tok alltid bussen til skulen. Det kosta ti øre kvar veg. Var det etter skuletid, kosta det 15 øre! Og ein skulle helst ha tjøringen klar, sjåføren likte ikkje at vi kom med andre pengar! Det var mange gonger ein "leik" om morgonen før vi skulle på skulen for å finna femøringar eller tiøringar! Og når det etter kvart vart tre av oss og mor måtte finna 60 øre i tjøringar eller femøringar, ja, då var det ikkje enkelt!

Men på godvêrsdagar gjekk vi gjerne heimatt, trillingane og eg, ja, det hendte også

at vi måtte gå i ruskevêr fordi det var så lenge til bussen kom, og då var det mange gonger surt over ” Børkjelandsbøen” ( Birkeland). Det var ikkje så gode regnkledde og sko så snart etter krigen.

## Støvletter og strekkbukse

Eg gløymer aldri dei første støvletten eg fekk! Eg var på skulen og far arbeidde i Vegvesenet. Dei hadde ei arbeidsbarakke nær skulen. Ein dag kom far bort til meg i friminuttet og ropte på meg. Han hadde noko å visa meg, han kom med eit par lysebrune skinn sko, litt høge og med ein liten ”pelskant” øvst. Han strålte som ei sol, han hadde kjøpt dei til meg! Eg hadde aldri sett så flotte sko! Eg *måtte* få dei på med ein gong! Du verden kor fin eg følte meg!

Det same var det då eg skulle få ei strekkbukse av tanta mi. Ho var ikkje gift, men budde då heima hos oss og arbeidde i Eidsvåg Fabrikker. Vi skulle til byen og kjøpa gabardin strekkbukse. Det skulle visa seg å ikkje være så enkelt! Ho var så nøye på stoffet!

Eg vart mest redd at det ikkje skulle verta bukse på meg, men til slutt fann ho ei som var av skikkeleg stoff! Mi første bukse! Tenk no skulle eg sleppa å frysa om vinteren, det var slutt på skjørt og strømper med strømpeband .

Eg hugsar så godt ein kald vinterdag (som kjent kan det vera veldig kaldt på Blindheim om vinteren) då eg skulle fylgja far min inn på Haugland, han skulle til okse med ei ku, men så møtte han ein kjenning på vegen, og dei vart ståandes og

*Amerika-besøk rundt 1960.  
Eldste bror til far min, Erik,  
står bakerst. Han dro til  
Amerika som 16-åring.  
Framme til venstre kona hans  
Dorothy, til høgre farmor mi,  
Kari Blindheim f. Hjortland.*

*Bakerst i bildet ser me huset til  
"dei gamle", og til venstre i  
bildet ser me hytta som ble  
bygd av "Ola i bydn" (bror til  
bestefar Johannes).  
Bildet er utlånt av Ragnhild  
Natland.*





prata i aldri så lang tid! Det er som eg kjenner kulden opp mellom beina og skjørtet endå, og der som strømpene slutta oppå låret! Huttetu, da skulle ein hatt ull stillongs og varme klede!

## Leik

Elles måtte vi bruka fantasien når vi skulle leika. Steindokker var fine. Vi fann steinar som var om lag eit par cm. breie og fem-seks cm lange. Dette var dokka! Vi fann fine filler som vi surra rundt, det var kledda! Mange fine filler i flotte fargar. Så brukte vi tomme tobakksøskjer til seng/vogn. Før var tobakksøskjene ovale i papp som var voksa inni. Så delte vi loket i to, det eine litt mindre enn det andre, det var kalesjen over til tak. Vi brukte også filler ( eller fine tøyestykke) til sengklede, så tvinna vi garn i ulike farger som vi knytte på i ”fotenden” til å dra dokkene med!

Leikestover hadde vi ute i naturen. Vi fann oss fine høvelege stader der vi kunne leika. Så samla vi på ”krusabråt”, dvs. restar av knuste koppar og kar heimafra i fine fargar! Ja, det var berre å ta fantasien i bruk, vi var så fornøgde.

Vi leikte med hoppetau, hoppa paradis og ”vippa på pinne”. Det var å ha to steinar med ca.30 cm mellomrom der vi la ein kort pinne tversover, og så skulle ein vippa opp den med den lange pinnen. Det var om å gjera og få den korte pinnen langt vekk, så skulle ein ”måla” med den store pinnen osv. Snakk om paradisi, vi hadde ein fin plass etter skuletid, og det var på Eikås i bilvegen! Vi krita opp og hadde mange kjekke timar der med paradishopping. Det var ikkje mange bilar på vegen



*Amerikabesøk rundt  
1960*

*Far og søskena  
hans,  
frå venstre Ole  
Blindheim Lie, Erik  
( på besøk fra  
Amerika), Anna  
Tertnes f. Blindheim,  
Bernt, Johan, Ragn-  
vald og Sigurd.*

*Bildet er utlånt av  
Ragnhild Natland.*



*Frå femtiårsdagen til han far i 1961 i "Norastovo".  
Frå venstre Ruth Tertnes, Kåre eller Magnar Tertnes (tvilling), Nil-ska (Karnilska) og Knut Blindheim.*

*Bildet er utlånt av Ragnhild Natland.*

den gongen! I dag er det vel ikkje mange sekundar det *ikkje* er bilar på den vegen der nedafor Hjelles bakarbutikk på Eikås!

## **Jonsokfeiring**

Jonsokafta, fødselsdagen min, var fin! Tenk alle var med og "feira" min dag! Vi starta tidleg om våren med å laga til jonsokbål på Hågjen. Vi var med og skar brakje (einer) i vekevis, for vi skulle ha to bål, eit narrebål og eit skikkeleg stort eit! Dei store gutane som han Ola, "Laffen", Agnar`en, Knut`en med fleire, skulle byggja sjølve bålet. Det skulle byggjast opp rundt ei bjørkestamme, me mindre ungane skulle bera brakjen på plass, ein måtte ikkje sluntra unna! No var der ikkje så mykje bjørk der oppe på Hågjen, men nede på "dei Flaktveit" der var det bjørk. Kwart år var vi ned der og "stal" ei bjørk, det gjekk liksom sport i det! Kwart år kom det ein bonde derifrå og knytte nevane etter oss, men då var vi komne innafør gjerdet til Blindheim igjen! Det var litt skrekkblanda fryd i oss då!

Heile "garden" var på Hågjen på Jonsokafta. Det var boller og brus og ikkje noko grilling av pølser i den tida, nei brusen var det viktigaste! Først tende vi "narrebålet" for å lura folk i nabobygdene som Hetlebakka, Haugland, Kvamme og

Hjortland bl.a. Ja, til og med Osterøy kunne vi sjå til, og narra dei til å tenna sine store bål, mens vi venta til etterpå, *da* tende vi vårt til slutt. Ja, det hende sjølvsagt at vi vart lurde også! Det var liksom sport i det å vera den siste som tende det store bålet.

17 mai feira vi på Kyrkjekrinsen skule. Det var bl.a. kappspringing på "Tyskarplassen", klassevis som i dag, jenter for seg og gutar for seg. Sidan eg var åleine jenta i klassen, måtte eg alltid springa saman med ei namnesyster av meg som var psykisk utviklingshemma og litt eldre enn meg, men det gjorde ingenting, ho gledde seg sikkert like mykje som meg til "konkurransen". Det var ikkje så enkelt å vera åleine jenta i klassen, men vi gjekk som oftast to og to klassar saman. Enten vart eg yngst, eller så vart eg eldst av jentene! Eg måtte gå på skulekjøkkenet på Haukås saman med jenter frå Haukås, Breisten og Hylkje. Det var kjekke jenter, så eg fekk gode venninner.

Når eg tenkjer tilbakars på barndomstida, så må eg seia at det var ei svært god tid. Det har skjedd ei rivande utvikling i Åsane som elles i landet. Vi hadde alle like lite eller like mykje, vi som voks opp under og etter krigen! Folk kjende kvarandre og brydde seg! Kanskje vi som voks opp i den tida etter krigen, fekk noko som dagens barn/unge går glipp av, trass i all materiell velstand? I alle tilfelle, så var det godt å veksa opp på Blindheim!